VANYLVEN KOMMUNE

# Helseplattformen
# Status veke 21

Infoskriv til tilsette i Vanylven kommune



VANYLVEN KOMMUNE

H

# Innhald


01 Overordna status

02 Plan vidare

03 Portrett: IKT-konsulent Erling Hunstad

VANYLVEN KOMMUNE



# Overordna status

Vi er inne i fjerde veke med full drift av Helseplattformen i Vanylven kommune. Status på drift er fortsatt god og mengden innrapporterte saker er liten.

Sida dette er fjerde veke med drift, er det også siste veke i kommandosenterperioden. Dette betyr at frå neste veke vil det ikkje vere like mange ressursar frå Helseplattformen tilgjengeleg for å arbeide med innmeldte saker, slik som det har vore siste vekene. Det betyr også at tida for On-site support er over.

# Overordna plan for innføring

H



VANYLVEN KOMMUNE

Plan vidare

# Oversikt fristar

H






# Arbeidspakkar med frist i mai




# Arbeidspakkar med frist i juni og juli



VANYLVEN KOMMUNE

# *Erling Hunstad: IKT ansvarleg i innføringa av Helseplattformen*



**Navn:**

Erling Hunstad

**Stilling:**

IKT konsulent

**Rolle i innføring av HP:**

Ansvarleg for teknisk sluttbrukarutstyr

*Eg jobbar som IKT-Konsulent for heile Vanylven Kommune, og har det fagleg ansvaret i IKT. Arbeidskvardagen min er veldig variert,- det kan være alt frå å hjelpe sluttbrukar med å endre passord, skru opp Nettverkssutstyr og til lage integrasjon mellom store fagapplikasjon og system slik at blant anna filhandsamling kan fungere optimalt. Eg har hatt ein stjerne rolle ved å flytte Vanylven Kommune ut av SSIKT for å så bli sjølvstendig og ha full fokus på å bli ein, "sky-kommune".*

*Samt med alt dette so har eg hatt ein viktig rolle for at Helseplattformen kunne utførast her i Vanylven,- det har vært utfordrande på mange måtar men den største er mangel på tid å kapasitet på grunn av dagleg arbeid og drift. Det er rundt 100 Windows PC'ar som er nå i bruk for Helseplattformen og runt 60stk Android mobilar som blir brukt for Helseplattformen. Desse utstyra må til ein kvar tid være oppdatert og sikker. Per nå i dag so er det likevel arbeid som må fullførast før alt er optimalt.*

*Det har dukka opp mykje u-forventa arbeid rundt Helseplattformen men alt saman har vært overkommeleg. For eksempel å lage integrasjon med eit programvare som blir brukt av Legekontoret og skal peike mot Helseplattformen. Gevinsten med dette er at alt skal skje inne i Helseplattformen slik at tilsett ikkje treng å bruke tid for å starte andre applikasjoner samt med HP. Det har vært ein gevinst for mange men det gjeld også IKT avdelinga,- vi får inn mindre sakar og mindre press. Men det beste med å innføre Helseplattformen er at det er 100% skybasert, vi i Vanylven treng ingen lokale servera eller eksterne for å nytte Helseplattformen.*